



Byggteam Vest AS
Tonny A. Dale
Rosslandsvegen 364C
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4252 - 21/37031

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
02.06.2021

Ferdigattest påbygg einebustad - gbnr 445/352 Manger

Administrativt vedtak: Saknr: 630/21
Tiltakshavar: Jan-Helge Lavik
Ansvarleg søkjar: Byggteam Vest AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for påbygg einebustad på gbnr 445/352.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 24.03.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.05.2021.

Skildring

Adresse:	Langhøyane 37
Bygningstiltak:	Einbustad med sokkelleilighet
Bygningsnummer:	24209245-1
Bruksareal:	214m ² (uendra)

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/4252

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Byggteam Vest AS

Rosslandsvege 5918
n 364C

FREKHAUG

Jan-Helge Lavik

Langhøyane 37 5936
A

MANGER